
Fra: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>
Sendt: 13. mai 2016 12:41
Til: Benjamin Stephen Hicks; Siril Therese Sylta
Kopi: amund@strangehagen.no
Emne: RE: 16/12997 Svar på skriv om avtale med eigedomsavdelinga - gbnr 239/11 Eide Ytre

Takk for tilbakemeldinga.

Vi vil fylgje opp dette, men nokre spørsmål knytt til dokumentasjon av vegrettar: Kommunen skriv at samtlege brukarar av vegen må dokumentere bruksrett i denne. Vi reknar med det er rettar over gnr. 238 bnr. 3 kommunen her har i tankane, og at formalisering av rettar over den kommunale grunnen kan vente for øvrige eigedomar, men fint om kommunen stadfestar dette.

Det føreligg tinglyste vegrettar for gnr. 239 bnr. 94, bnr. 96 over gnr. 238 bnr. 3, og også avtale om veglag for bnr. 11, 96 og 94. Dette vil vi leggje fram.

Gnr. 239 bnr. 42 er ikkje tilslutta veglaget, og eg vil tru at eigedomen heller ikkje har rettar over gnr. 238 bnr. 3. Årsaka er nok at eigedomen har mest naturleg tilkomst frå oppsida, dvs. direkte frå den kommunale eigedomen (gnr. 239 bnr. 1). I tilfelle treng han også berre vegrett over kommunal grunn, noko vi reknar med kommunen ikkje vil nekte på eit seinare tidspunkt om vegen no vert "legitimert" ved dispensasjon. Ber likevel om rettleiing her.

For vår eigen del er det allereie lagt fram tinglyst avtale om vegrett over gnr. 238 bnr. 3. I høve til kommunen som eigar av gnr. 239 bnr. 1 så meiner vi denne vegretten står seg godt på grunnlag av prinsipp om hevd/etablerte rettstilhøve, og at det såleis ikkje ligg privatrettslege hinder for prøving av saka. Likevel, om kommunen si eigedomsavdeling no ynskjer å formalisere vegretten, så lagar vi gjerne utkast til avtale.

Venleg helsing,
Jo-Harald Færø

From: Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no
To: johf_2@hotmail.com
Subject: 16/12997 Svar på skriv om avtale med eigedomsavdelinga - gbnr 239/11 Eide Ytre
Date: Fri, 13 May 2016 06:48:55 +0000

Sjå vedlegg